

## Styremøte ØNU tirsdag 27.11.12 kl. 19.30 - Instedalen skule

Desse møtte: Normund Svoen, Odd Vonen, Arne Dvergsdal, Gudmund Eimhjellen og Kjell Klopstad

### Saksliste:

#### 1. Orienteringssaker

##### Prosjekta i Instedalen

Vonavatnet - parkering, båtopptrekk, brygge

Parkeringsplassen ved Steinbakken

Svobrua Friluftsområde

Regulering av Svo-Nesvatnet

Parkeringsplassen ved Teigen

Arbeidet i Næringsstyret i LV området (Gudmund og Arne)

Orienteringssakene vart gjennomgått. Ingen merknad.

#### 2. Bestillingsdialogen 2013 - ynskje om tilbakemelding frå styret vedr prioriteringane som er sendt inn - jfr. tidl. brev til styret og førebels svar sendt frå vernestyret ved forvaltar Alf Erik Røyrvik

Normund Svoen har forma ut bestillingsdialogen, og gjekk gjennom søknadsoppsettet som er sendt inn.

Styret slutta seg til dette slik det ligg føre.

#### 3. Fiskeutgreiingsprosjektet i Vonavatnet - restfinansiering. Utnemne person til dugnadsdelen i prosjektet.

Leiar undersøker om det er mogleg å få restfinansiering gjennom søknad til Fiskeavgiftfondet. Men også andre finansieringskjelder bør vurderast.

Utnemning av dugnadsperson vert utsett.

#### 4. Fiskekortsalg og båttutleige 2012.

Det selt 42 kort, 5 båtdøgn og innkome på ca 6000 kroner.

Dette er det beste resultatet på mange år.

#### 5. Parkeringsavgift parkeringsplassen ved Vonavatnet.

Styret drøfta ulike prinsipp i forhold til å iverksetje eit system for innkrevjing.

Det vert lagt opp til å forme ut eit system for dette til vedtak i årsmøtet.

#### 6. Velge vararepr. frå Utmarkslaget til Fondsstyret for Naustdal - Gjengedal LVO.

Kjell Klopstad vart vald.

#### 7. Skiløypekøyering til Godtdalen.

Instedalen skianlegg har søkt om om å få køyre opp løype.

Dette vert avgjort i Fondsstyret for LVO. Leiar har førhøyr seg blant grunneigarar

Her er det noko ulikt syn.

Styret tek ikkje stilling i denne saka.

8. Evt.

A. Båtbrygga ved Vonavatnet.

Odd Vonen og Kjell Klopstad tek ansvar for å få prosjektert, kostnadsrekna og fullført opprusting.

B. Søknad til Næringsstyret om restfinansiering fiskeutgreiingdprosjektet i Vona vatnet.

Gudmund Eimhjellen undersøker dette nærare.

C. Årsmøtet for 2013 vert halde 9 mars 2013

Ref:

K.Klopstad

tirsdag 27. november 2012